



Gro Hjelmeland gler seg til butikkopning om ei veke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er det ei veke til Uskedalen får ein ny butikk. Blomebutikken Gros Blomster blir opna av Gro Hjelmeland torsdag 20. november.

Etter ein iherdig dugnadsinnsats av familie, slekt og vener i lokala ho har leigd av Trond Olsen i Sætre-bygningen nærmar dei seg no fullføring. Det er ein ideell plass - berre nokre meter frå Grano.

Gro Hjelmeland er oppvaksten med ein far som dreiv gartneri i Uskedalen og har arbeid i blomebutikk i 25 år. Det er ein gamal draum som no går i oppfylling. Ho blir aleine i butikken - i alle fall det første året.

Gro får mange gode ynskje med på vegen frå bygdafolket om dagen og gler seg over det. Ho tek sikte på å levera blomar og dekorasjonar til heile kommunen og meiner å ha eit godt kort på handa ettersom Uskedalen ligg midt i Kvinnherad.

Kvinnheringen har spurt om det ikkje er litt vågalt å opna blomebutikk i Uskedalen, men svaret er dette: - Det var berre slik at eg måtte prøva dette. Skulle det gå gale, så får eg berre ta det som det kjem. Eg trur eg ville angra veldig om eg aldri tok sjansen.